

## Teknisk

### Adresseliste

Edvard Storms veg 2  
2680 Vågå  
Bankgiro: 2085.07.70000  
E-post: postmottak@vaga.kommune.no

Vår ref.  
2010/466/1/

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Jostein Gårderløkken  
61293663

Dato  
05.07.2010

### Informasjon om endringane i plan- og bygningslova for campingplassar

Vågå kommune ønskjer å sende ut litt stutt informasjon om endringane i plan- og bygningslova som tok til å gjelde frå 01.07.10. Det er verdt å merke seg at det tidlegare begrepet *transportable* einingar er teke ut av lovteksten. Alle campingeiningar som skal stå over ei viss tid må difor vurderast i høve til tidsrom, der intervalla er 2 månader for ikkje søknadspliktig tiltak og 2 år for krav om full søknadsplikt. Det er **tiltakshavar/ campingplassseigar** som har ansvar for å følgje med på desse tidsintervalla, og skal uoppfordra sende søknad til kommunen når det mellombelse tiltaket har vore plassert i 2 md eller 2 år.

Hovudformål med dette skrivet er at vi ønskjer at det blir sett større fokus på tryggleiken til dei som bur på campingplassane, og samstundes peike på kva som skal til for å oppnå dette.

For campingplassseigar gjeld følgjande:

1. Campingplassen skal ha lett tilgjengeleg informasjon om namn, adresse og telefonnummer til campingplassen. Internkontrollen skal mellom anna innehalde reglar som regulerer drifta av campingplassen, samt at tryggleiken på plassen er vurdert.
2. Avstanden mellom overnattingsseiningar slik som telt, campingvogner eller bubilar skal vera minimum 3 meter. Bilen kan stå innanfor desse 3 metrane. Det er til kvar tid eigaren av campingplassen og verksemda si internkontroll som skal sjå at reglane som gjeld for campingplassen blir etterfylgd av alle. Campingplassen bør organiserast slik at campingvogner har draget same veg eller slik at dei peikar ut mot ei branngate/evakueringsveg. Det bør etablerast slike branngater/rømingsgater på minimum 6 meter for kvar 1000m<sup>2</sup> campingplass.
3. Det skal vera brannslökkingsapparat i alle campingvogner og bubilar.
4. Elektriske anlegg og feil bruk av elektriske produkt er årsaka til mange brannar. For å redusere denne brannrisikoen i campingvogn eller bubil, må elektriske anlegg og elektrisk utstyr vera forskriftsmessig installert og brukast som føresett. Campingplassen bør ha reglar for tilkopling og bruk av straum frå sine straumpunkt.

## Endringar:

Mellombels konstruksjon ( Spikartelt, forbygg, isocampfelt etc)

I den nye plan- og bygningslova er ein konstruksjon definert som mellombels uavhengig av om den er transportsabel eller ikkje. I ny lov er det tida den står på same plass som avgjer om det er ein mellombels konstruksjon eller ikkje.

1. Mellombels konstruksjon som står plassert inntil 2. md. er ikkje søknadspliktige.
2. Mellombels konstruksjon som står plassert mellom 2. md. og 2 år er søknadspliktige, men utan krav om godkjent føretak.
3. Konstruksjonar som står fast ut over 2 år er ikkje mellombels og krev full søknad.

Krav til avstand mellom byggverk, anten dei er mellombels eller ikkje, er dei same. I Byggteknisk forskrift §11-6 Tiltak mot brannspredning mellom byggverk står følgjande:

*” (1) Brannspredning mellom byggverk skal forebyggjes slik at sikkerheten for personer og husdyr ivaretas, og slik at brann ikke kan føre til urimelige store økonomiske tap eller samfunnsmessige konsekvenser.*

*(2) Mellom lave byggverk skal det være minimum 8,0 m innbyrdes avstand, med mindre det er truffet tiltak for å hindre spredning av brann mellom byggverkene i løpet av den tid som kreves for rømning og redning i det andre byggverket. Bestemmelsen kommer ikke til anvendelse for lave byggverk som samlet utgjør én bruksenhet.*

*(3) Når lave byggverk oppføres med mindre avstand enn 8,0 m, skal byggverkene samlede bruttoareal begrenses slik at en brann ikke gir urimelig store økonomiske tap, med mindre det er iverksatt andre tiltak som forebygger slike tap.*

*(4) Høye byggverk skal ha minimum 8,0 m avstand til annet byggverk, med mindre byggverket er utført slik at spredning av brann hindres gjennom et fullstendig brannforløp.*

*(5) Byggverk som, enten i seg selv eller ved virksomhet som er i dem, medfører særlig stor sannsynlighet for spredning av brann, skal prosjekteres, utføres og sikres eller plasseres slik at den særlig store sannsynligheten for brannspredning til annet byggverk reduseres til akseptabelt nivå. ”*

Vi føreset at campingplassseigarane ser til at det er tilstrekkeleg avstand mellom vognene (inkl. telt, spikartelt etc.) slik at det ikkje skjer ei ulukke som medfører tap av menneskeliv.

Det er som tidlegare nemnd eigaren av verksemda som har ansvaret for det som skjer på campingplassen. Det er også eigaren sitt ansvar å følgje gjeldande lov og forskrift, og å informere dei som inngår avtaler om langtidsleige om gjeldande reglar for etablering av ulike typar byggverk. Dei som leiger plass skal visast vidare til kommunen dersom campingplassseigar er usikker på regelverk for byggesak og brannvern. Dette er ikkje nytt etter den nye plan- og bygningslova, men vi finn det likevel nyttig å minne om *gjeldande* regelverk.

Forholdet til reguleringsplan:

Det er for fleire av plassane utarbeidd eigen reguleringsplan, og kommunen føreset at planane vert fylgde opp ved plassering av bueiningar. Planføresegnene er i stor grad utforma med tanke på beste mogleg tryggleik på plassen, og minste avstand mellom transportable einingar er **3m**. I tillegg til sjølve campingvognene opnar føresegnene for enkle og demonterbare konstruksjonar med utforming som estetisk harmonerer med omgjevnaene. Forbygg skal vera ein demonterbar konstruksjon, som skal kunne transporterast saman med den transportable overnattingseininga. Konstruksjonar som ikkje enkelt kan flyttast ved kritiske situasjonar, som til dømes brann, er å rekne som faste konstruksjonar. Platting er definert som ikkje jordfast golv. Dersom det skal

oppførast meir permanente einingar må dette underleggjast ei særskild vurdering. Dei planane som har reglar om gjerde har fastsett føresegner om at gjerde mellom campingeinane ikkje er tillate. Det er viktig å følgje opp at dette vert overhalde, da gjerde reduserer framkommelegheita, og kan skape livsfarlege brannfeller om dei hindrar flytting av dei transportable konstruksjonane.

Vi vil etter sommarferien kalle inn til eit møte med alle campingplassseigarane og fjellstyret som ansvarleg for fjellcampplassane, for å gjennomgå erfaringar med dei nye reglane og svare på eventuelle spørsmål.

Vi ønskjer i samband med dette møtet å få ein oversikt over talet på campingeinane som ikkje lenger er å rekne som mellombelse for kvar plass. Etter tidlegare plan- og bygningslov § 85 kunne mellombelse byggverk stå inntil 4 månader, slik at dei t.d. kunne stå ein heil sommar på same plass utan særskild behandling – dersom dei ikkje førte til ”*vesentlige ulemper for omgivelsene*”. Med innskjerping til 2 månader ser vi at fleire kjem over på søknadsplikt. Det kan også vera tidlegare plasserte einingar som ikkje har fått formalisert status som permanent, sjølv om dei har stått i over 4 månader og etter kvart har vore innretta slik at dei heller ikkje kom inn under kategorien ”transportabel” etter tidlegare lov.

Kommunen sine kontaktpersonar i saka er plan og miljøkonsulent Kari Sveen og underteikna, og kan traffast på tlf. 61293600. I ferietida er Kari Sveen å treffe i veke 28. Elles er vi baa attende frå ferie i veke 32.

God sommar !

Med helsing

Jostein Gårderløyken  
Sektorsjef

#### Adresseliste

Bessheim Fjellstue og hytter	Sjodalen	2680	VÅGÅ
Maurvangen AS	Edvard Stormsveg 3	2680	VÅGÅ
Besseggen Fjellpark AS		2683	TESSANDEN
Vågå Fjellstyre		2680	VÅGÅ
Heimsand og Postfuru Fjellcamping		2680	VÅGÅ
Statskog SF	PB 63 Sentrum	7801	NAMSOS
Randsverk AS		2683	TESSANDEN
Holungsøy Camping		2680	VÅGÅ
Skarå Seter og Camping		2680	VÅGÅ

Kopi til:

Kari Sveen

Ingunn Moen Helland

Rune Øygaard

odd.erik.sveeen@nortura.no

Tor Arne Gangsø

Knut Odnes

Bjørn Ivar Solheim

Hilde Reitan